

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Beit og brom.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Nord-Hidle.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Beit var ris og tunne kvister av björk, teke vinters-  
tid, eller helst på ettervinteren. Av fura, som ikkje veks  
her frå gamalt, berre planta i seinare tid, nytta dei her  
på garden ikkje noko til for. Namnet brom ukjent her.

1. Beit, tunne kvister og ris av björk vart nytta som  
mat åt kröteri, serleg åt sauene fram på vinteren. Det var  
björkebeit som vart nytta her, men dei kunde og bruka andre  
treslag som dei hogg ned og sauene beit toppane av.

2. Her vart det brukt at når det vart snöföre köyrde  
dei ut i utemarki, dit det var lang veg, og hogg ned björk  
og köyrde heim på ein vanleg vedaslede. Björkene vart so vidt  
mogeleg köyrde heile, berre dei store kunde dei skata sundt.  
Heimköyrt vart det lagt utyver i snöen som sauene lett  
kunde bita toppane av dei.

3. Bei vart helst henta heim på ettervinteren, men  
det hende og tidlegare på vinteren. Ute i den utemarki der  
dei hadde sauene gåande etter her var avböa og för dei vart  
sende til heis, - den luten av garden vart kalla "Morki" -  
og hit var litt lang veg etter tilhövi her og vegen var  
heller ikkje god, so det var best nytta snöföri. Etter at  
sauene hadde ete det dei vilde, vart resten hogge opp til  
ved, det tjukke til famneved til sal, resten til husved, til  
stova og kjøken. Gjerne var det köyring frå "Morki" i februar  
og mars, etter som snöen koms.

4. Sers reidskap anna enn öks vart ikkje brukt det  
eg kan minnst. Men hadde dei köyrt det heim og skulde gjeva  
kyrne, hogg dei det gjerne av med ein sigd, anten vanleg  
eller og lauvsigd.

5. Skulde kyrne få beit, skar dei det av med sigd  
og bar det inn i båsane, og kyrne åt det viljug. Dei berre  
kasta det opp i båsane utan å blanda det med anna for. Og  
det var ikkje hakka smått. Kvistene vart avhogne tjukke som  
ein blyant og kyrne åt opp mest alt.

6. At dei hadde sers beita kost kjenner eg ikkje  
til her. Når dei hadde köyrt noko heim, bruka dei det med det  
var friskt, men det var ikkje jamt i bruk. Sauene gjekk fritt  
i beita kosten og åt når dei var ute. Og for at dei skulde  
lett få tak i mest mogeleg, vart björkene kasta utyver og  
stundom snudde påum dei var store. Kyrne hadde dei aldri  
ut i beita kosten det eg veit.

7. Skikken å henta beita bör langfredag ukjent her.  
Sjölvi gamle folk eg har snakka med veit ikkje um slikt.  
Langfredag var heilagdag og ikkje nytta til utearbeid,  
det eg minnst.